




Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

NR. 1 | PÅSKENUMMER | 2014 | 89. ÅRG.

God påske!



Askvoll kyrkje - 150 år og nyrestaurert

DET HANDLAR OM Å DELE



Evangelisten Lukas fortel om en rik mann som kun var opptatt med å samle mest mogleg til seg sjølv. Han delte ikkje med nokon. Til slutt døde han – rik på pengar, men fattig på kjærleik frå andre menneske – fordi han ikkje hadde gitt nokon noko. Han hadde ikkje delt sin kjærleik og rikdom. Og Lukas Jesus seier: «Slik går det med den som samlar skattar til seg sjølv og ikkje er rik i Gud.»(Luk 12,21)

Livet handlar om å dele – dei ressur-sane vi har. Ingen kan leve berre for seg sjølv. Det er heller ikkje meininga. Vi må leve for andre – og vere til for andre. Det er meininga med livet. Det handlar om å dele.

Eit fint biletet på det å dele, er illustrasjonen av forskjellen på dei to sjøane i Israel, Gennesaretsjøen og Dødehavet. Gennesaretsjøen er ein fiskerik innsjø i Nord-Israel. For dei som budde rundt sjøen, var den viktig for livsgrunnlaget. Til Gennesaretsjøen rann det elvar. Frå Gennesaret-sjøen rann det elvar. Vatnet er i sirkulasjon. Gennesaretsjøen får vatn og gir vatn. Noko av vatnet Gennesaretsjøen gir frå seg, renn i Jordanelva ned til den andre sjøen i Israel, Dødehavet. Dødehavet er jordas lågaste område, nesten 400 meter under vanleg havnivå. Dødehavet får kun vatn. Det gir ikkje frå seg noko. Området er tørt og varmt og fordampinga omfattande med stor konsentrasjon av salt.

Gennesaretsjøen er biletet på mennesket som deler og lever eit sunt og friskt liv med stor sirkulasjon og hjarterytme. Dødehavet er biletet på mennesket som ikkje deler, men vil ha alt for seg sjølv. Det blir ingen sunn sirkulasjon. Derfor dør det. Alt i Døde-havet er dødt!

Eit ordspel lyder slik: Kva hjelper det med den skuddsikre vest - viss døden kjem frå hjartet.

Å dele med andre er å leve friskt og levande. Gi litt av ditt – og få i gong den sunne sirkulasjonen mellom menneske. Det er ved å gi at vi får!



Knut Arne Kummeneje

ASKVOLL KYRKJE

ER SETT I GOD STAND

Kyrkja i Askvoll ligg vakkert til i sentrum og er godt synleg frå sjøen og frå hovudvegen. Det var difor lett å sjå at kyrkja ikkje hadde fått det vedlikehald som trøngs, ho var både skeiv og målingsslita. Det var bakgrunnen for at Askvoll sokneråd sette ned ei nemnd hausten 2011 som skulle planlegge istradsetjing av kyrkja. Dette arbeidet vil vere fullfør no i vår. Kyrkja var bygd i 1862-64, og ho vart teken i bruk noko uferdig 13.12.1863. Målet har vore å markere 150 -årsjubileet med ei vakker kyrkje i god stand.

EIT OMFATTANDE ARBEID

Soknerådet hadde alt ein rapport frå Knut Landøy som kostnaddrekna det mest tvingande vedlikehaldet.

Plannemnde knytte til seg
Edvin Helle AS.

Han tok på seg planarbeid og kostnadsrekning. Arbeidet var planlagt på fleire hovudområde:

1. Hovudskipet og tårnet skulle setjast i fullgod stand. Det omfatta å skifte alle vindauge, takrenner og å måle bygget. Tårnet hadde og tak var utett og dette skulle setjast i stand.
2. Innvendig skulle heile kyrkja sparklast og malast. Det var lenge uklart om golva skulle etterisolerast, men valet fall på å slipe og å pusse golva. I tillegg skulle det på plass ny oppvarming og noko etterisolering. Dei slitne teppa vart fjerna.
3. Kor og sakristi skulle få ei stor utbetring. Det var påvist ca. 30 cm sig i grunnmur og roteskader. Her har målet vore å rette opp bygget, ny kledning og ytterdører, nytt golv og nye vindauge.
4. Det har vore ein plan om å gjere endringar i kyrkjerommet for å tilpasse kyrkja til nye arbeidsformer. Det vart tidleg bestemt i soknerådet at ein ville ta bort benkene og eldre omnar på golvet. Det var ønske om å setje inn ein foldevegg for å kumne dele av kyrkja til små samlingar. Ei eiga nemnd har arbeidd med kyrkjerommet, med fargar, endringar i koret og med altarring. Nemnda har henta inspirasjon av det flotte arbeidet som er gjort med Hyllestad kyrkje.

ENDRINGAR I EI GAMMAL KYRKJE

Askvoll kyrkje er ikkje listeført på Riksantikvaren si liste over særskild verneverdig bygg. Det er likevel slik at Bispedømmet følgjer Riksantikvaren sine råd. Soknerådet har søkt godkjennung og har vore i kontakt med biskopen i Bjørgvin om arbeidet. Framdrifta har vore slik at godkjenningsane har kome litt seint. Byggjene nænda såg det heilt naudsynt å skifte ut alle vindauge med nye vindauge med isolerglas, men meiner



å ha funne godt tilpassa form på vindauge. I koret vil altarringen vere borte o vert erstatta av flyttbare knefall. Det vert nytt altar og altartavla vert trekt mot vegg. Alle benker i kyrkja er teke bort og erstatta av godkjende kyrkjestolar. Og under galleriet er det ein foldevegg som gjer det mogeleg å ha eit mindre oppvarma rom til barne- og ungdomsarbeid. Synleg er og den nye oppvarminga. Vi trur det er valt fargar som ligg nær tidlegare fargar, men kyrkja står no fram med ein varmare glød og avdempa fargebruk.

EIT STORT ØKONOMISK LØFT

Soknerådet var klar over at arbeidet ville verte eit stor økonomisk løft. Det vart vedteke i Askvoll kommunestyre å søkje staten om eit lån på vel 4 millionar, lån som vert gjeve med rentekompensasjon. Soknerådet hadde i tillegg lagt inn finansiering frå innsamla midlar, fond og liknande på 372 000 kr. Etter vedtaket i juni 2012 kunne ein setje i gang med detaljplanar, som vart ulyst og utført av Norconsult AS. Ein del av arbeidet med kyrkjerommet var ikkje med i planane. Dette er tenkt dekka med innsamla midlar. Det var Olset Entreprenør som etter anbod fekk arbeidet, og dei har hatt med seg andre firma til måling o.a. Byggjenemnda såg at byggjekostanden ville vert høgare enn venta, og det vart gjort ein del var for å få ned kostandane, m.a. med dugnad. Endå om det var sett av ein stor sum til uføresette kostander, vart det ei heller stor overskridning. Soknerådet sökte difor Askvoll om tilleggslån, noko kommunen har gjort vedtak om. Byggjekostander utan mva. vert truleg 5,9 mill. I tillegg vil det vere stor bruk for innsamla midlar til kyrkjestolar og anna i kyrkjerommet.

SNART STÅR ALT KLART

Kyrkja er eit signalbygg i Askvoll. Sok-

nerådet ville så gjerne at kyrkja skulle vere vakker både ute og inne. I tillegg ville dei at det skulle vere ein god og kjær samlingsplass for gudsteneste, ymse kyrkjelydsarbeid, kor og musikk og ein god arbeidsplass for tilsette.

Historisk har det vore gjort mange endringar før. Det gjeld nytt tårn i 1895, endra oppvarming fleire gonger, nye benker og orgel i kyrkja. Så står det att å sjå om vi er nøgde med det nye, og om auga kan venje seg til det nye. Byggjenemnda hadde som mål å få ferdig bygget til desember 2013, men vi såg tidleg at arbeidet vart seinka noko. Ulike utlysingar og vedtak av prosjektering og entreprise bygg tek tid i våre dagar. Det same gjeld godkjenningar. Riksantikvaren sitt vedtak om byggjestopp sommaren 2013 førte til arbeid og kostander, men lite forseinking. Det var lite spennande å finne utan om restar frå den kyrkjebrannen i mars 1862. Innvendig er kyrkja på det nærmaste ferdig, men utvendig står det att litt målingsarbeid.

KYRKJA TRENG TILSYN

Historia om Askvoll kyrkje er også ei historie om mangefullt vedlikehald og mange skippertak. Det er godt dokumentert i Abraham Loftheim si bok om Kyrkjene i Askvoll.

Lekkasjar i tak, tårn og vindauge har vore noko som har gått att. Utan det store arbeidet no, ville kyrkja måtte stenge av. Det står nok arbeid att. Takskiferen og sutaket er i dårlig forfatning og treng årleg tilsyn, og taket må ha full reperasjon innan 10 år. No er det gjort naudarbeid med taket. Orgelet i kyrkja har store manglar.

Frå byggjenemnda er det grunn til å takke for godt samarbeid med alle partar, soknerådet, kommunen og dei firma som har gjort arbeidet. Helge Jostein Follevåg har vore byggjeleiar for arbeidet.

Øystein Helle



ASKVOLL KYRKJE

Under valkampen hausten 2011 vart det halde paneldebatt i Askvoll samfunnshus. Mangt og mykje vart vi utfordra på av engasjere innbyggjarar. Så tok sokneprest Stein Hugo Fykse ordet og spurte: «**Kva vil de gjere med Askvoll kyrkje?**». Vidare fortalte han om tilstanden på bygget og om 150-års jubileet som skulle markerast i 2013 eller 2014. Dei fleste av oss lova å ta med oss utfordringa inn i ny kommunestyreperiode.

Valet var avslutta, dei nye kommunestyrerrepresentantane var peika ut og eg gjekk audmjuk inn i rolla som kommunen sin nye ordførar. Tidleg ein morgen same hausten ringte NRK -Vestlandsrevyen. «**Vi skal lage eit innslag om tilstanden i Askvoll kyrkje. Kan du møte oss? Vi er der om ein time**». No var tida for fest-

talene heilt klart over og kvardagen banka på døra.

Stein Hugo Fykse tok meg og journalistane med på ei synfaring både utvendig og innvendig. Det såg ikkje bra ut! Utvendig bordkledning som var festa med stein, roteskader og sprekkdanningar i veggane, målingsslitasje og glisne vindauge. Men verst av alt, sjølve fundamentet under koret heldt på å sokke i grunnen. Medan eg gjekk der og granska utfordringane skal eg ærleg innrømme at følgjande tanke slo meg «**bygg ikkje ditt hus på sandgrunn**». Etter synfaringa var det tid for å innfri forventningane.

Kommunestyret vedtok i 2012 å ta opp lån slik at Askvoll sokn fekk høve til å starte restaureringa av kyrkja. Dette beløpet har seinare blitt ytterlegare oppjustert.



Engasjementet for kyrkja har vore bra. Det er tydeleg at i dei viktigaste fasane i livet, som ved dåp konfirmasjon, bryllaup og gravferd så er kyrkja framleis viktig for folk. Like vel slår statistikken i mot oss med fallande besøkstal ved ordinære gudsteneste-søndagar. Som politikar skal eg vere varsam med å ytre meg om innhaldet i kyrkja. Men eit generelt ønskje har eg. At kyrkja blir full av engasjerte menneske som bryr seg, er inkluderande og tek vare på kvarandre. At kyrkja formidlar dei gode verdiane som ligg i den kristne bodskapen, har stor tak-høgd og møter alle med ei open og fordomsfri haldning. Som alt anna er dette eit samspel mellom eit offentleg og eit personlege ansvar. Utan at vi alle tek del i dette ansvaret er eg redd for at vi held fram med «å byggje huset på sandgrunn», men då i overført betydning.

No står Askvoll kyrkje fram i ny drakt. Grunnmuren er sikra, ho skin både utvendig og innvendig. Vi er stolte og gler oss til at dørene blir opna på nytt 1. mai. På vegne av Askvoll kommune vil eg takke Askvoll sokn for godt samarbeid. Eg vil også ønskje alle hjarteleg til lukke med 150-års jubileet som skal markerast i pinsehelga.

Frida Melvær
-ordførar-



FORNYING AV ASKVOLL KYRKJE

Kjære Askvoll kyrkjelyd, til lukke med fornyinga av Askvoll kyrkje i høve 150-årsjubileet!

Alle som kjem til Askvoll legg merke til korleis kyrkja lyser opp som eit samlingspunkt i det vakre kystlandskapet. I kyrkja har folket blitt losa støtt og trygt gjennom både sorg og glede.

Her har folk kome saman ved viktige hendingar i livet som dåp, konfirmasjon, vigslle og gravferd og til gudsteneste og konsertar i helg og høgtid.

Med jamne mellomrom har det vore nødvendig å halde kyrkja vedlike og gjere forbetringar som høver til standarden i tida. I 1995 vart det bygt dåpsrom på sørssida av våpenhuset og endeleg kom det toalett i kyrkja.

Tilstanden av kyrkja innvendig og utvendig ropa etter kvart på vedlikehald. Soknerådet gjekk grundig til verks med å rette opp manglar og fekk Askvoll kommune med seg til å løyve midlar til ei fornying av kyrkja. Under vegs har dei rådført seg hos biskopen og fått godkjent store endringar av inventaret med å byte ut benkane med stolar, flytte den vakre altartavla inn til veggen i koret, lage nytt altarbord. Under galleriet er det kome på plass skiljeveggar, slik at kyrkja kan brukast på ein fleksibel måte ved større og mindre samlingar.

Alle som kjem inn i kyrkja merkar

kor lyst og triveleg rommet er med gode fargar og fornya inventar.

Det er grunn til å takke alle som har hatt mot og vilje, til å setje kyrkja i tilstrekkeleg stand, men og til å gjere henne til eit endå meir teneleg byggverk for det livet kyrkja skal romme i tida som kjem.

Det er god grunn til å vere stolt av at Askvoll kyrkje har blitt fornya. Mitt største håp og ønskje er at kyrkja vil få ein fornya bruk for alle som soknar til Askvoll kyrkje. Gjennom auka satsing på trusopplæring dei siste åra, ser ein fleire stader at kyrkja vert brukt jamleg til babysong, samlingar for born og for konfirmantar, kor og konsertar i tillegg til gudsteneste på sundagar og kvardagar.

Fleire generasjonar har hatt opplevingar knytt til si "barndoms kyrkje". Kva er det som gjer kyrkja til det vi gjerne kallar som "vår kyrkje"? Eg trur det har med at kyrkja blir brukt jamleg saman med familien og andre. I glimt kan ein oppleve at det hender noko særskilt og at ein hører til i ein større samanheng.

Askvoll kyrkje står fram som fornya, men ikkje meir enn at det er ein god samanheng med det som har vore.

Heilt sentralt står det vakre altarbildet



med Jesus i Getsemane og fortel om livsens strid og kamp: "Se der Guds Lam, som bærer Verdens Synd!" Djupast sett er det Jesus Kristus som kallar oss og samlar oss til eit felleskap som ber gjennom tida og i all æve.


**"Difor, heilage sysken,
de som har fått del i det himmelske kallet,
sjå på Jesus, den utsendinga og
øvstepresten som vi vedkjennest....
Og vi er hans hus,
så sant vi held fast på frimodet og
den vona vi er stolte av."**

(Hebrearbrevet 3, 1-3)

Helsing frå prosten i Sunnfjord,
Reidar Andreas Knapstad

Det er teken i bruk ny varmeteknologi i kyrkja, der ein ikkje går vegen om kostbar luftoppvarming, men varmar opp brukarar med direkte stråleoppvarming. Desse ovnane treng heller ikkje så lang oppvarmingstid som konvensjonelle system.






Foldevegg er montert i flukt med gallerikanten, og ein har no eit «bruksrom» under galleriet. Her kan ein ha kyrkjecaffi, møte, undervisning etc. Inndeling i eigne varmesoner fører til redusert energibruk.



3D-skisse av nye korelement.
Interiørarkitekt Anita Søreide har designa nye korelement, både bordaltar med knelekrakk, knefallsputer til nattverd og sokkel til det gamle altarbildet. Material og fargeval går igjen i dei nye stolane i skipet.



Reine golvflater utan faste element gir eit fleksibelt rom med omsyn til innredning, og golvflatene er enkle å reingjere.

Det er installert webbasert varmestyringssystem, slik at ein effektivt kan slå av og på varme, og overvake temperatur og energibruk via ein pc.



Heile kyrkjeskipet er målt opp igjen i dei opphavlege fargane.

KONFIRMANTAR



KONFIRMANTANE I HOLMEDAL KYRKJE:

Framme frå venstre:
Torni Hoddevik Losnegård, Karoline Vik,
Andrine Klausen
Bak frå venstre: Robert
Guddal, Sokneprest
Stein Hugo Fykse,
Runar Helle Strømnen



KONFIRMANTANE I VILNES KYRKJE:

Framme frå venstre: Cindy Mjåseth,
Sokneprest Stein Hugo Fykse,
Håkon Takle
Bak frå venstre: Georg Leonhard
Johnsen, Adrian Olset, Vegard Herland Ytrøy

I 2013



KONFIRMANTANE I ASKVOLL KYRKJE:

Framme frå venstre: Tommy Andre Opstad, Jonas Ryland, Eirik Merkesvik, Ingvild Ødegård Follevåg, Karoline Håkegård Eidem, Johanne Ryland

Bak frå venstre: Isak Bjørkevoll Hestholm, Malin Dalsøren Rivedal, Hege Strømmen Espeset, Sokneprest Stein Hugo Fykse, Suzzann Strømmen Espeset, Marlene Olset Øvrebo

KONFIRMANTANE I STONGJORDEN KAPPELL:

Frå venstre: Sokneprest Stein Hugo Fykse, Tora Tveit



KONFIRMANTANE I KVAMMEN KAPELL:

Frå venstre: Robert Indrebø, Ivar Gjelsvik, Fridjof Indrebø, Sokneprest Stein Hugo Fykse, Liv Nancy Aalen Mikalsen, Kristian Ålen

KONFIRMANTANE I BULANDET KAPELL:

Frå venstre: Torstein Tysse Sætevik, Knut Hallvard Tysse, Anna Landøy, Ola Rogne Graarud, prest Knut Arne Kummeneje



KONFIRMANTANE I VÆRLANDET KAPELL:

Frå venstre: William Landøy, Annika Landøy Ytrøy, prest Knut Arne Kummeneje

TRUSOPPLÆRING

ASKVOLL SOKN

Askvoll sokn fekk i februar 2013 godkjend trusopplæringsplanen.

Bente Myhre Strømmen, er tilsett i 40% stilling som trusopplæringsmedarbeidar og Knut Arne Kummeneje, spesialprest for barn og unge, har arbeidd med planen og gjort dei endringane som var tilrådd av biskopen for å få planen godkjend. Planen er no i bruk som arbeidsreiskap i barne og ungdomsarbeidet i Askvoll sokn. Den vil vere under kontinuerlig evaluering, medan vi gjennomfører tiltaka og ser korleis dei fungerer i praksis.

Planen er ambisiøs, og det er mykje arbeid og planlegging som skal gjerast i tida framover. Askvoll sokn består av 7 kyrkjelydar, det gjer arbeidet med planen meir omfattande, enn om det berre hadde vore ein kyrkjelyd.

Vi har ikkje sett i gong alle tiltaka i planen samstundes, og det er gjort med meining. Vi ynskjer å kvalitetssikre dei tiltaka vi alle reie har. Vi set i gong tiltaka i planen når vi har frivillige medarbeidarar/tilsette nok til å kvalitetssikre tiltaket.


Tema som mobbing, vene, omtanke, menneskeverd, miljø og liknande, vil vere aktuelle tema i alle samlingar vi har med born og ungdom.

NOKRE AV TILTAKA SOM VI GJENNOMFØRER I 2014 VIL VERE:

- Dåp. Utdeling av materiell og gåver til foreldre/føresette og dåpsborn.
- Utdeling av 2, 4 og 6 års bøker. Bøkene heiter *Mi Kyrkjebok* og foreldra

kan gjennom bøkene innarbeide gode vanar for borna sitt trusliv. Det føl med arbeidshefte til 4 og 6 årsboka.

- 5.klasse fekk allereie i mars utdelt konfirmantbibel. Dei får konfirmantbibelen alle reie no fordi vi skal bruke den ilag med dei, i trusopplæringsarbeidet, fram mot konfirmasjonen.
- Konfirmantane er medliturgar i gudstenestene rundt ikring i soknet.



vekstetaten i kommunen, noko vi er svært glade for. Vi var mellom anna med å støtta ein temadag om mobbing, for både elevar og foreldre, i fjor haust.



Dei er på nattcup, leir, har ansvar for fasteaksjon og er med på konfirmantundervisning.

- Vi samarbeider og med dei mange frivillige som driv kristent arbeid rundt ikring i kommunen og dei gjer ein kjempejobb.
- Vi har eit godt samarbeid med opp-

Om det er nokon som kunne tenke seg å vere med som frivillige medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet, er det berre å komme innom på kyrkjekontoret, eller ta kontakt med Bente M. Strømmen, på mobilnummer: 93007372.

NY KYRKJEVERJE I ASKVOLL

OM MEG

I desember starta eg opp som kyrkjeverje i Askvoll, og vil nyte høvet her til å seie nokre ord om meg sjølv. Eg kom til Askvoll frå stillinga som kyrkjeverje i Hyllestad og Solund. Tidlegare har eg og vore kyrkjeverje i Gulen og Førde. Det er ei stilling eg trivst svært godt i, og har no vore kyrkjeverje i 12 år. Av utdanning er eg opprinnelig teolog med tilleggsstudiar i pedagogikk og litteratur, og har altså dreidd meir inn mot eit arbeidsliv innan forvaltning, økonomi, jus og leiing.

Eg har busett meg i Askvoll i ei leilegheit i sentrum, og trivst svært godt her. Særleg praktisk er det med eit konsentrert servicetilbod i sentrum og enkel kommunikasjon t.d. til Bergen. På fritida går det med ein god del tid i kjøkkenet, fordi eg nok må seiast å vere lidenskapleg oppteken av mat. Elles elskar eg å reise og oppleve nye miljø og atmosfærar og utforske andre mattradisjonar og prøver elles rydde tid til fisketurar, gjerne saman med dottera mi som elskar å fiske.

KVA ER EI KYRKJEVERJE?

Ikkje alle veit kva ei kyrkjeverjestilling inneber, men det er altså den daglege leiarfunksjonen for soknerådet si verksamd. Kyrkjeverja skal førebu saker og iverksetje vedtak for soknerådet, som er det politisk valde kyrkjestyret lokalt, med ansvar for kyrkjebygg, gravplassar og gravferdsforvalting, kyrkjeleg økonomi, kyrkjeleg tilsette m.v.

SATSINGSMÅLET

Som kyrkjeverje er det sjølvsagt soknerådet som gir meg retningslinjer for kva som skal prioriterast og arbeidast med, men som dagleg leiar for organisasjo-



nen er det særleg fire aspekt eg legg vekt på:

- Arbeide for ein berekraftig økonomi gjennom rasjonell drift, kostnadskutt og inntektsauke
- Utvikle organisasjonen strukturelt og sjå korleis ein kan drive mest mogleg rasjonelt
- Satse på personal- og stabsutvikling for å sikre kompetente og dyktige medarbeidarar som opplever eit godt arbeidsmiljø
- Gjere kyrkja meir synleg ved å etablere og vidareutvikle gode kommunikasjonsplattformar for verksamda

I utføringa av arbeidet mitt er eg oppteken av at ein ikkje går seg fast i gamle spor, men at ein legg vinn på kreativitet og innovasjon, og slik kan sikre ei berekraftig utvikling for verksamda. Eg er alltid på utkikk etter dei utradisjonelle og spenstige løysingane.

Stillinga i Askvoll er spennande, særleg fordi vi har eit engasjert sokneråd med «god driv», noko som fungerer motiverande. Vi har eit godt kollegafelleskap på kontoret, noko som er viktig for trivselen. Det er spennande med

nysatsinga på Askvoll kyrkje, og sjå om kyrkjebyggutvikling vil føre til kyrkjelydsutvikling. Kyrkjebygget slik det etter planen skal framstå, vil vere eit framtidsretta bygg der det er rom for liv og vekst. Eg har

tru på at satsinga på kyrkjebygget vil løfte trusopplæringsarbeidet, som no vil ha eit langt meir eigna lokale, og eg trur det er framtidsretta med ei satsing på dette arbeidet. Når det gjeld det organisatoriske håpar eg vi kan få til eit tettare samarbeid med dei omkringliggende sokna, som t.d. Fjaler og Hyllestad, og vi planlegg no faste, felles personaldagar for å utvikle samarbeidet vidare. Særleg viktig vil eit slikt samarbeid og fokus på organisasjonen vere når ein no står framfor både mogleg kommunereform og ny kyrkjeleg organisering.

Utanom arbeidet i Askvoll arbeider eg også noko på regionalt nivå i Bjørgvin, fordi eg er med i regionsstyret for kyrkjeverjelaget, og får verdifulle impulsar gjennom dette arbeidet. Særleg spennande på denne fronten har det vore med ulikt utvalsarbeid siste åra, mellom anna arbeid knytt til spørsmålet om framtidig, kyrkjeleg organisering og utgreiing om korleis ein best kan «drive kyrkje» i grisgrendte strok. Eg ser fram til å vere med å bidra i arbeidet med å utvikle kyrkja i Askvoll.

Rune Ziener

MINNEORD OVER

Gerd Berit Ask Løkland

død 5. mai 2013

Saknar sårt

DU GJEKK SÅ HASTIG BORT
VENTAR NO I EIT ANNA LAND
FRED FØLGJER MI RINGE SJEL
FRED IFRÅ HIMLENS LYSE LAND

TAKK JESUS SOM TOK HO BORT
NO STÅR DU DER I DI KVITE DRAKT
LØYST IFRÅ JORD OG FRI
SKUAR ETTER MEG EIN DAG

SÅG INN I HIMLENS PORT
DU STOD I FLOKKEN STOR
FORKLARET BLIKK OG AUGE SÅ REINE
SNART ER EG DER OPPE HOS DEG

Døden i Jesu fred

Takk for alle dagar som vi får.
Takk for Jesu fred i dødens stund.
Takk for kjære som vi møter over der.
Ser dei fagre strender, hører sus av palmegreiner.

Takk for kysten der i fred.
Takk for siste blund i avskjedsstund.
Vaknar opp til liv i himmelen.
Takk for rette fedreland som ventar.
Snart i hamn vi komne er.

Ser dei myriadar der ved himlens port.
Prisar lammet for det dyre blod.
Ser ein evig sumar etter jordlivs kamp.
Tårene er regn i himlens drakt.
Prydnad er hans kors på tronen lagt.

Englar ber oss over dødens hav.
Siste reis er vegen heim til Gud.
Takk for dagar korte, men og lange.
Underlege ferd mot himlens land.
Mørkre vert til lys og håp mot dødens natt.
Ewig frelst-men fryd i Jesu blod!

STÅLE LØKELAND

STÅLE LØKELAND

KVA SKJULER SEG I FLASKA?

I samband med anleggsarbeid under kyrkje-golvet i haust, gjorde anleggsarbeidarane eit mystisk funn. Gøynt i muren under golvet var det ein gammal forseglad flaske med eit handskrive dokument inni. Mykje kan tyde på at flaska vart lagt der for 150 år sidan, då kyrkja vart oppført.

Flaska er enno ikkje opna, men ein har fått tyda nokre ord gjennom flaskeveggen, og nokre av orda ein kan lese er: «kong Carl XV, Bergen, og dødelig Afgang».

No har vi tillyst ein konkurranse på vår fa-

cebook-side der vi oppmodar folk om å vere kreative og sende inn forslag på kven som har skrive brevet og kva som er innhald og bodskap i brevet. Gå inn på vår facebookside og finn flaskeposten under våre bilder, og les meir om både konkurransen og flaskeposten.

Adressa er:
www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll

Flaska vert opna i samband med jubileums-helga i pinsen.



**Vil du sjå din annonse her?
Kontakt kyrkjekontoret.**

**Askvoll Redskapsutleige
ved Torill Vårdal, Atløy
Tlf 9092 3290 / 9082 7631**



Stor lift

16 meter knekkarm med teleskop gir
16 meter arbeidshøgd og 5 meter
rekkevidde ut fra senter.

Pris pr. døgn kr. 1200,-
Meir enn 3 døgn pris etter avtale
Helg, laurdag og søndag kr. 1500,-

Liten lift

7 meter knekkarm gir
7 meter arbeidshøgd.

Pris pr døgn kr. 950,-

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

fjordan.no • tlf. 57 82 70 30

Vi leverer alt innen skilt og dekor

ASKVOLL



GRAVERING

6980 ASKVOLL

6980 Askvoll - Tlf. 57 73 02 07 - Fax: 57 73 06 10

E-mail: post@askvoll-skiltgraving.no

Web: askvollskeiltgraving.no

I KYRKJELYDEN ASKVOLL SOKN



DØPTE
2013



ASKVOLL

- 13.jan Olea Fristad
- Vena Fristad
- 10.mar Alea Amalie Håvåg
- Julie Ask-Løset

HOLMEDAL

- 27.jan Emilie Herland Haugen
- 24.feb Joel Sagosen Haugsvær
- 31. mars Nikke Marie Ringstad Olset
- 16.jun Viljar Ådlandsvik
- 04.aug William Boge-Kusslid
- Mikael Fristad Eide
- 18.aug Ea Helle Lindenskov
- 08.sep Elias Solheim Rørvik
- 22.sep Nora Erikstad
- 20.okt Olea Holen
- 03.nov Hanna Holmelid Solheim
- 08.des Martinus Mjåseth Indrebø
- Sander Nikøy Follevåg
- Thea Nikøy

VILNES

- 20.jan Mari Sande Askvold
- Simen Kristoffer Leirvåg
- Sund
- Kamilla BJORØY-Stuhaug
- 09.jun Olai Fjæreide Herland
- Vegard Hersvik Sognnæs
- Viljar Hersvik Sognnæs
- Kassandra Vårdal
- Eline Vilnes
- 29.jun Mikael Maximilian Reyes
- Leknes
- 27.okt Eva Vilnes Saltskår
- Matilde Vilnes
- 01.des Aron Tobias Jenssen Leirvåg
- 26.des Victoria Gjervik
- Aurora Høyvik Bontveit

STONGFJORDEN

- 19.mai Amina Solheim-Frøholm

KVAMMEN

- 20.jan Ingrid Årdal
- 24.mar Tomine Lambrechts Storevik
- 31.mar Tia Maria Kleppe

Døypt i Viksdalen kyrkje

- 14.apr Kaja Øye Kvammen
- 10.nov Niklas Nervik Gulbrandsen

BULANDET

- 25.aug Ovedia Ernstsen Hillersøy

VÆRLANDET

- 03.mar Jaden Alfanta Halvorsen
- 07.apr Adrian Råheim Landøy

VIGDE

2012/2013



HOLMEDAL

- 12.des Ida Ravnøy og Terje Fretland
- 29.jun Elisabeth Vasseth og
- Thomas Antonsen
- 06.jul Gro Hilde Grindeland og
- Rolf Arne Madsen
- 06.jul Eileen Bø Arnesen
- Tommy Hollevik
- 31.aug Aina Hollevik
- Kenneth Andre Strømmen
- 04.okt Anita Strømmen Flokenes
- Marius Hundvin Flokenes

BULANDET

- 20.jul Therese Kalvøy
- Rune Børve

VILNES

- 17.aug Toril Alisøy
- Aril Magne Olset

GRAVLAGDE

2012/2013/2014



ASKVOLL 2012

- 21.des Olav Johan Kvamme
- f. 1924
- 28.des Magne Sigmund Leiknes
- f. 1920

VÆRLANDET 2012

- 13.nov Eva Fjellås
- f. 1947
- Gravlagt Svelgen kapell

KVAMMEN 2012

Johannes Baaij
f. 1940

ASKVOLL 2013

- 22.jan Ragnvald Ringstad
- f. 1927
- 27.feb Otto Rune Olset
- f. 1945
- 05.mar Hans Nes
- f. 1928
- 22.mar Einar Andreas Kumle
- f. 1921
- 08.mai Erna Kildal
- f. 1934
- 28.jun Edgar Boye Knudsen
- f. 1940
- 03.jul Aslaug Herland
- f. 1925
- 07.aug Aslaug Flokenes
- f. 1915
- 12.sep Sigrunn Eidem
- f. 1927
- 17.sep Ingvald Johan Abrahamsen
- f. 1937
- Ane Merete Gundersen
- f. 1972
- Gravlagt Stavanger
- 09.okt Haldis Vintereidet
- f. 1926

Nettkirken

www.nettkirken.no



18.okt John Andreas Noven
f.1939

25.okt Karl Steinsland
f.1921

05.nov Lilly Hedvik Ask
f.1926

08.nov Berit Elisabeth Elvetun
Mjåseth
f.1962

12.nov Oddbjørg Jofrid Flaten
f.1941

15.nov Jorunn Marie Loftheim
f.1912

HOLMEDAL 2013

24.apr Oddny Rivedal
f.1925

05.jul Kåre Vagstad
f.1923

23.aug Maria Elisa Tangedal
f.1931

03.okt Andreas Horst Huniger
f.1955
Bisettelse/Urnnesnedsetting
Tyskland

01.nov Dagny Kristine Vårdal
f.1919

19.nov Halldis Drøsdal
f.1936

VILNES 2013

12.apr Alvild Malmfrid Naustdal
f.1921

10.mai Gerd Berit Ask Løkeland
f.1944

27.jun Magne Sverre Mjåseth
f.1941

VÆRLANDET 2013

04.jan Anna Kjæmpenes
f.1930

26.aug Hildur Kristine Ytrøy
f.1941

06.nov Per Johan Nybø
f.1921

29.nov Terje Nybø
f.1948

BULANDET 2013

08.feb Dagmar Nikøy Hillersøy
f.1921

07.mar Edvard J. Kjæmpenes
f.1927

STONGFJORDEN 2013

15.mai Edel Holmar Karlsen
f.1918

Urnenedsetting
04.jul Arnbjørg Olga Osland
f.1927

19.sep Elsa Yndestad
f.1935

08.okt Kristian Peder Grimelid
f.1925

14.nov Anna Grimelid
f.1917

VÅGANE 2013

02.jul Solveig Dorthea Samsonsen
f.1916

Urnenedsetting
13.des Kirstin Vågane
f.1924

GJELSVIK 2013

13.aug Magne Leif Kvammen
f.1934

10.sep Thor Alf Hegrenæs
f.1955

13.sep Alma Johanne Grytten
f.1918

04.okt Sonja Marie Grytten
f.1942

11.okt Gunnvor Marta Ålen
f.1934

15.okt Gerd Olefine Rød
f.1942

ASKVOLL 2014

08.janu Borghild Fristad
f.1920

27.febr Atle Helge Husevåg
f.1967

18.mar Johannes Hillersøy
f.1919

20.mar Arne Kjartan Gjesdal
f.1933

HOLMEDAL 2014

14.jan Lilly Mork
f.1923

25.mar Johan Karl Bye
f.1922

VILNES 2014

02.jan Magnus Asbjørn Sætre
f.1924

13.mar Jørgen Ivar Johnsen
f.1928

14.mar Norvald Haarklau
f.1941

19.mar Jenny Herland
f.1922

STONGFJORDEN 2014

15.jan Arne Asperheim
f.1925

07.mar Atle Nytingnes
f.1932

17.mar Eva Johansen
f.1934

21.mar Ragna Størdal
f.1923

27.mar Astrid Bjørg Gjerde
f.1928

Soknemøte for Askvoll sokn

Tid: Søndag 18. mai kl 13.00

Stad: Askvoll kyrkje

Saksliste

Sakene 1-5: Vanlege årsmøtesaker

Sak 6: Innføring av ny salmebok

Sak 7: Orientering om endra gudsteneste-forordning og nedlegging av det kyrkjeloge
tilbodet ved Stongfjorden og Værlandet kapell.

Fullstendig saksliste og sakspapir er publisert på vår heimeside:

www.askvoll.kyrkja.no

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE



ASKVOLL KYRKJE

01.05. kl. 11.00. Offentleg høgtidsdag. Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til kyrkjelydsarbeid.

17.05. kl. 13.00. Nasjonaldagen, ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kirkens Nødhjelp.

08.06. kl. 11.00. 1. Pinsedag. 150 års-jubileumsgudsteneste. Offer til Askvoll kyrkje, rehabilitering innvendig.



VILNES KYRKJE

21.04. kl. 11.00. 2.s. i påsketida.

Gudsteneste ved Knut Arne Kumme-neje. Offer til kyrkjelyden sitt misjons-prosjekt, NMS. Dåp.

11.05. kl. 11.00. 4.s. i påsketida.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Vilnes kyrkje.

01.06. kl. 11.00. Søndag før pinse.

Gudsteneste ved Knut Arne Kumme-neje. Offer til Kumle bedehus.



BULANDET KAPELL

20.04. kl. 10.15. Påskedag.

Gudsteneste ved Knut Arne Kumme-neje. Offer til Kirkens bymisjon, Bergen.

29.05. kl. 12.00. Kristi Himmelfarts-dag.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til Bu-landet kapell.



KVAMMEN KAPELL

13.04. kl. 11.00. Palmesøndag.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Skilbreid misjonssenter.

25.05. kl. 12.00. 6.s. i påsketida.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Kvammen kapell.



HOLMEDAL KYRKJE

18.04. kl. 19.00. Langfredag.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Ikkje offer.

20.04. kl. 12.00. Påskedag.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, NMS. Dåp.

27.04. kl. 11.00. 2.s.i påsketida.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Holmedal bedehus.

17.05. kl. 11. Nasjonaldagen.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Holmedal kyrkje.



STONGFJORDEN KAPELL

17.04. kl. 19.00. Skjærtorsdag.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til kyrkjelydsarbeid.

25.05. kl. 10.00. 6.s. i påsketida.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Offer til Stongfjorden ka-pell.



VÆRLANDET KAPELL

29.05. kl. 10.00. Kristi Himmelfarts-dag.

Konfirmasjonsgudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Offer til Vær-landet kapell.

Jubileumshelg i pinsen

Askvoll kyrkje feirar 150-årsjubileum i pinsehelga 7.-8. juni.

Laurdagen er det konsert i kyrkja ved lokale krefter. Søndagen er det festgudsteneste i kyrkja og jubi-leeumsfest i Askvoll samfunnshus. Grunna servering er det nødvendig med påmelding til festen.

Alle er velkomne.

Påmelding til kyrkjekontoret innan 10. mai.

Det er avgrensa tal plassar, så vær tidlig ute.

Sjå meir om jubileumshelga på:

www.askvoll.kyrkja.no

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

ØKONOMI

Askvoll sokneråd vedtok i januarmøtet eit budsjett på kr 4,26 millionar. Det er lagt inn forlenga oppauka administrativ ressurs på 0,3 årsverk heile første halvår, særleg for å ta inn etter-slep på gravplassadministrasjonen etter vakanse i administrasjonen. Samla tilskot frå Askvoll kommune er kr 3,479 millionar.

I mars vart det vedteke ein plan for 2014 på vedlikehald og utvikling med ein stipulert kostnad på kr 296.000,- der ein over driftsbudsjettet skal innreie barnekrok og ta noko vedlikehald i Holmedal kyrkje, setje i gang prosjektering på lekkasjeutbetring på Kvammen kapell og ta mindre utbetringar på Vilnes kyrkje. Ein vil oppgradere noko på brannsikring og mikrofonstema i kyrkjebygga og kjøpe inn utstyr til ungdomsband i Askvoll kyrkje.

Rekneskapen for 2013 vart vedteke i marsmøtet til soknerådet. Ein hadde eit overskot på kr 228.000,- i 2013 som er vedteke disponert med overføring til investering på interiør i Askvoll kyrkje med kr 221.000,- og resterande 6.000,- vert nytta til å redusere bruk av disposisjonsfond til å dekke drifta.

BYGNINGS- OG ANLEGGSPROSJEKT

På investeringssida i 2014 er det planlagt framhald i å få opparbeid parkeringsplassar ved Vilnes kyrkje og få ferdigstilt ombygginga av Askvoll kyrkje. I Holmedal kyrkje planlegg ein ut-skifting av elektrisk anlegg og varmesystem. Etter planen skal ein i 2014 også i gang med utvidinga av Askvoll kyrkjegard. Samla investeringsbudsjett for 2014 (inkludert etter-slep frå tidlegare) er på kr 3 millionar. I tillegg til desse vedtekne investe-

ringsprosjekta er ein i gang med prosjektering og arbeid med finansiering av sikringstiltak på Holmedal kyrkje-gard mot Bakkeelva, eit prosjekt som er kostnadsrekna til kr 1,24 millionar..

GUDSTENESTESTRUKTUR

Saka om endra gudstenestestruktur i soknet har fått stor merksemd på vårparten 2014. Soknerådet Vedtok i januar å gå inn for å redusere talet gudstenestestader i soknet frå 7 til 5 med eit tredelt siktigmål. Ein ønskjer å styrke gudstenestelivet ved å ha fleire gudstenester per år fordelt på færre stader. Dessutan ønskjer ein å forenkle strukturar og ha færre stillingar og forenkle det administrative knytt til bygningsstruktur. Eit siste element er at ein vil få noko økonomisk gevinst av strukturendringa. Biskopen i Bjørgvin skal fatte endeleg vedtak i denne saka etter at soknemøtet har fått høve til å uttale seg.

Rune Ziener

Kyrkjetenarar – deltid

Askvoll sokn har ledig to faste stil-lingar i til saman 43% til det nyetab-lerte kyrkjetenarteamet i soknet.

Teamet skal betene kyrkjelydane Askvoll, Holmedal, Kvammen og Vilnes etter oppsett arbeidsplan. Dette tenestedistriktet kan verte endra avhengig av korleis guds-teneordninga vil vere i haust. Fordeling av stillingsprosent skjer etter avtale med dei som vert tilsett. Forventa stillingsstart er sett til 1. august 2014.

Søknadsfrist: 10.05.2014
Sjå fullstendig utlysing på vår heimeside:

www.askvoll.kyrkja.no



ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Telefon 918 74 724
e-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebookside:
www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll

Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Tilsette:

Sokneprest: Stein Hugo Fykse
e-post: sokneprest@askvoll.kyrkja.no
Tlf: 918 74 726

Spesialprest: Knut Arne Kummeneie.
Tlf: 918 74 727

Sekretær: Marit Veberg Ask (e-post:
kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no)
Tlf: 918 74 724

Kyrkjeverje: Dagleg leiar/kyrkjeverje
Rune Ziener
(e-post: kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no)
Tlf: 918 74 723

Kantor/organist: Anton Proskurnin
(e-post: organist@askvoll.kyrkja.no)
Tlf: 918 74 727

Trusopplærar: Bente Myhre Strømmen. Tlf: 918 74 728

Soknerådsleiar: Ole Andreas Myrstad,
6983 Kvammen.

Tlf: 906 32 818

Hugs: Beredskapstelefon etter kl.
17.00 og i helgane 954 83 152 ved
akutt behov for prestetjeneste.
Måndag er prestane sin fridag!

Redaksjonen

Rune Ziener (ans. red.)
Stein Hugo Fykse
Marit Veberg Ask
Bente Myhre Strømmen



KYRKJA I NYE MEDIER

Lenge har soknet nytta seg av kyrkjebladet som informasjonsmedium. Kyrkjebladet vert av mange sett på som ein kjær måte å skaffe seg innsikt i kva som rører seg i kyrkja. Grunna bemanningssituasjonen i 2013 har det dessverre ikkje vore mogleg å gje ut noko kyrkjeblad, men frå påskenummeret 2014 er ein igjen i gang, og håpar å kunne oppretthalde stabile utgivelser framover.

Denne våren har vi i tillegg to nysatsningar på den digitale fronten. Vi har fått ein eigen facebookside og arbeidet med utvikling av eigne heime-

sider er i gang. Desse to digitale kommunikasjonsplattformene skal utfylle kvarandre på den måten at heimesidene primært skal vere ein base med statisk stoff der folk kan oppsøke informasjon om verksemda. Dette kan vere informasjon om t.d. dåp eller gravferd, kontaktinformasjon om tilsette, gudstenesteplanar, regler om graver ein har ansvar for, m.v. Her vil ein også etter kvart legge ut protokollar, kunngjeringar og ymse skjema.

Facebooksida skal fungere meir som eit nyhende- og profileringsmedium, der publikum kan få informasjon om

kva som skal skje av aktivitetar i nær framtid, og opne invitasjonar og stemningsrapportar frå diverse arrangement vil gå ut på denne sida.

Facebooksida er óg ein plass vi kan få respons frå publikum.

Gå inn på

Kyrkja i Askvoll på Facebook
og lik oss, så held du deg oppdatert om kva som skjer i kyrkjelyden, og finn elles ut meir om verksemda på:

www.askvoll.kyrkja.no